



# Kvekersamfunnet

*The Religious Society of Friends (Quakers) in Norway*

27. mars 2014

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@hod.dep.no](mailto:postmottak@hod.dep.no)

## Høring - forslag om endring av alkoholloven - åpningsdager for salg av alkoholholdig drikk

Dei utsende framlegga til forandring i alkohollova legg opp til ei utviding av opningstidene til Vinmonopolet, og serleg på dagar føre helgedagar i samband med jul, nyttår, påske, pinse og stemmedagar for stortingsval. Dei meir langsiktige føremåla med ei slik forandring kan vera ulike, alt etter kva synsvinkel ein ser det frå. Men den snarlege verknaden vil vera eit auka tilgjenge til sterkare alkoholvarer.

Alkohol er ikkje noko vanleg næringsmiddel, sjølv om me i vår kultur og historie har gitt sterk drikke ein framskoten plass i mange samversformer i samband med fest og høgtid. Det er ei vanedannande og skadeleg nervegift som verkar eller medverkar til ein stor del av samla helseplager og redusert livskvalitet både her i landet og i vår kulturkrins i det heile. Ho kan difor ikkje jamførast med vanlege daglegvarer.

Dette er elles og bakgrunnen for at dei skandinaviske landa har fått godtaking frå EU/EØS for å regulera tilgjenget gjennom statlege utsal, sjølv om ein slik kjøpesterk marknad ville vera velkomen for europeiske produsentar å få uregulert tilgjenge til. Det finst ei veksande forståing i Europa for at sosialpolitiske argument kan vega tyngre enn prinsippa om fri flyt i slike tilfelle.

Det er allment kjent at auka tilgjenge medfører auka forbruk, og dermed auka skadeverknader. Alle dei som ikkje har problem med alkoholen burde kunne tola, i solidaritet med dei som strevar, at ein ikkje kan kjøpa eller få levert ut alkohol til fleire tider enn i dag, og at dette blir likt for alle sals- og utleveringsplassar.

Kvekersamfunnet har i dag ikkje eit absolutt forbod mot alkohol, eller noko bastant krav om fråhald. Men me ser på det som ein av dei tinga som kan gjera folk til avhengige træljar og dermed tappa dei for krefter som skulle brukast til å byggja rike liv og trygge samfunn. Difor rår me alle, både medlemer og andre, til å omgåast alkohol med stor varsemnd og nøye omtanke. Dette rådet vil me og gi regjering og storting.

Med vennlig hilsen

For Kvekersamfunnet  
Marit Kromberg  
administrasjonssekretær